

SØKNAD OM TILSKOT

1000-ÅRSJUBILEET MOSTER 2024



SAMANDRAG

1000-årsjubileet Moster 2024 (*Moster 2024 AS*) søker med dette Kulturdepartementet om eit tilskot på NOK 9 mill. over den 4-årige prosjektperioden 2021-2024.

LØYVDE TILSKOT:

Eigarane av *Moster 2024 AS*, Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, har kvar løyvd 5 mill. til gjennomføring av 1000-årsjubileet. 1 mill. er allereie tildelt i statlege tilskot. Totalt er 11 av 20 mill. i offentlege tilskot løyvd per mars 2020. I arbeidsbudsjettet er det sett opp ytterlegare 5 mill. gjennom samarbeidsprosjekt med eksterne aktørar for heile perioden.

STATUS FOR *MOSTER 2024 AS*:

Moster 2024 AS er eigd av Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune. Selskapet skal vere operativt til og med gjennomføringa av jubileet, og skal avviklast etter dette. Målsettinga er at Moster som historisk stad gjennom og etter prosjektperioden får ein tydelegare nasjonal posisjon, gjennom å lyfte fram dei unike og radikale hendingane som fann stad her. *Moster 2024 AS* er per mars 2020 under etablering. På grunn av Korona-pandemiutbrotet har den politiske behandlinga av stiftingsdokumenta blitt utsett. Når dette er gjennomført vil selskapet registrerast i Brønnøysund. Dagleg leiar for selskapet, Elsa Aanensen, er tilsett.

FØREMÅL MED *MOSTER 2024 AS*:

I 2024 er det 1000 år sidan innføringa av kristenretten i Noreg. Dette skjedde på Moster i Bømlo kommune, på Mostratinget satt av Olav Haraldsson og Bisp Grimkjell i år 1024. Innføringa av kristenretten sette i gong ei omfattande og radikal samfunnsomvelting. Det markerte byrjinga på ei ny tid, med økte menneskelege omsyn og rettsvern for individet. Det var her statsdanninga og demokratiet i Noreg starta.

I markeringa av 1000 års-jubileet for innføringa av kristenretten, skal det nye selskapet *Moster 2024 AS* setja lys på verdigrunnlaget som blei lagt for nasjonen Noreg. Verdier som landet i dag framleis er bygd på, og som det gjennom jubileet skal skapast auka medvit kring. Målsettinga med 1000 års-jubileet er å sjå på Noregs verdigrunnlag i moderne kontekst, og oppnå brei merksemd og refleksjon kring tematikken. Med historia som fundament, skal samtidas verdisett opp til grundig undersøking, med tanke på korleis framtida best skal riggast.

Moster 2024 AS skal skapa eit nasjonalt jubileum med barn og unge som hovudmålgruppe. Det vil vere fokus på medverknad, dialog og aktivitetar som hovudmålgruppa sjølv langt på veg er med og legg premissa for. Hovudarena for 1000 års-jubileet i 2024 vil vere *Moster* i Bømlo kommune der dei historiske hendingane fann stad. Verkemidla og prosjekta skal være mange, og vil breie seg langt utover det lokale og regionale nivået, og ta plass på ei rekke samfunnsområde.

Hovudføremålet med jubileet er å løfta fram verdidebatten i Noreg gjennom å skapa ein reell, konstruktiv og open samtale om korleis vi som individ og samfunn skal forma framtida. Dette fokuset skal kome tydeleg til uttrykk i *Moster 2024* sin profil og kommunikasjon. Hovudmarkeringa skal finne stad på *Moster* i pinsehøgtida 2024. Ei rekke arrangement skal ligge rundt denne hovudmarkeringa. I perioden 2020-2024 skal det leggjast opp til aktivitetar innanfor ulike sjangrar, retta mot ulike målgrupper som går føre seg på ulike nivå. Nokre av desse skal vektleggjast og gjentakast årleg, tilpassa ein årleg hovudtematikk.



Foto: Bømlo-nytt/Håvard Hammarstrøm

BAKGRUNN

Bømlo kommune var i 1995 senter for 1000-års jubileet for kyrkja i Noreg. *Moster* var ein svært sentral stad for starten på kristninga av Noreg ved at Olav Tryggvason gjekk i land nettopp her i år 995, og innførte med dette Kristendommen til Noreg. "Kyrkja i 1000 år" blei ei storslått feiring med ei rekke arrangement i ei brei markering. Det er eit stort lokalt engasjement når det gjeld den unike historia til *Moster*. Dette har kome til uttrykk i lang tid gjennom etablering av *Mostraspelet* allereie i 1984, og opprusting av det historiske anlegget *Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter* til jubileet i 1995. Her finst ein solid formidlingsarena kor det ligg godt til rette for å skapa nytt innhald. *Bømlo Teater*, produsenten bak *Mostraspelet*, har eit solid produksjonsapparat til å gjennomføre produksjonar i ulike format. Det var også ei svært stor feiring av 900-årsjubileet for innføring av Kristenretten på *Moster* i 1924, med kongeleg besøk og 8000 besøkande.

Spelet "Kristkongane på Moster" og den nye versjonen "I slik ei natt" (2018) om Olav Den Heilage sitt liv, er store lokale satsingar som har skapt eit solid miljø med ringverknader i regionen. Moster har gode føresetnader til å kunne ta ei nasjonal rolle i formidling av sentral historie når det gjeld statsdanningsprosessen og det demokratiske Noreg. Lokalt har det vært arbeidd med planlegging av ei stor markering av 1000-årsjubileet for innføring av Kristenretten i Noreg sidan 2011. Det har vært systematisk jobbing frå politisk og administrativt hald med fleire møter på Stortinget som har gitt positive signal seinast med tildeling av NOK 1 mill. i statleg tilskot i 2019.



Foto: Stord24.no / Kari Mendelejev von Svanberg

FORPROSJEKT

Det blei gjennomført eit forprosjekt i 2018 i regi av Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune for å utreie moglegheita og legitimiteten for eit 1000-årsjubileum for innføring av Kristenretten i Norge. Konklusjonen etter forprosjektet er at eit jubileum har legitimitet og validitet. I denne prosessen var ein i kontakt med fagmiljø, den norske kyrkje, lokale og regionale aktørar innanfor kultursektoren og næringslivsaktørar. Det innhaldsmessige har stor relevans i samtida og markeringa skal ta utgangspunkt i verdiar i lovverk og samfunn i planlegginga av jubileet si form. Forprosjektet anbefalar at barn og unge skal være ei særleg prioritert målgruppe.


FINANSIERING

I arbeidsbudsjettet til selskapet er det sett opp NOK 20 mil. basisfinansiering. Her er det skissert ei fordeling der NOK 9 mill. går til drift av selskapet, planlegging og gjennomføring av jubileumsaktiviteter for heile prosjektperioden, og NOK 11 mill. til innhaldsproduksjon.

Eigarane har løyvd NOK 5 mill. kvar for heile prosjektperioden, 2020-2024.

Statlege bidrag som søkjast er totalt NOK 10 mill. for heile prosjektperioden. Det er allereie løyvd NOK 1 mill. ved dåverande kulturminister Trine Skei Grande i 2019.

Ein ser for seg dette som grunnfinansiering, men ein stor del av innhaldsproduksjonen vil finansierast med eksterne midlar gjennom samarbeidsprosjekt med aktørar innanfor kunst- og kulturliv, næringsliv og offentlege instansar. Ambisjonen er at ein gjennom andre finansieringskjelder kan kome på eit nivå på om lag NOK 5 mill. i løpet av heile prosjektperioden, og eit totalbudsjett på NOK 25 mill.



TEMATIKK FOR SAMTIDA

Jubileet skal aktualisera den store samfunnsendringa som kom med kristenretten. Dette skal gjerast gjennom å sjå på sentrale verdiar som kjenneteiknar både det historiske og det moderne aspektet. Med utgangspunkt i endringane Mostratinget førte med seg, vil jubileet lyfte fram fire tema som kvart og eitt blir løfta fram og dannar overskrift for eit år av prosjektperioden. Slik skal 5 sentrale verdiar i kristenretten tematiserast i moderne kontekst. I 2024 skal alle desse samlast i arrangement knytt til hovudmarkeringa. Dei 5 tema skal kunne danne grunnlag for prosjekter og aktivitetar for fleire av målgruppene kvart år fram mot jubileumsåret. Tematikkvala skissert i denne søknaden er per mars 2020 tentative, som eit utgangspunkt for det vidare arbeidet.

Fridom - 2020

Det fyrste temaet som er planlagt å setje fram er "Fridom". Ei stor og viktig lovending som kom med Kristenretten/Mostratinget var frigjeving av trælær. Dette var starten på ein lang prosess, og det tok om lag 150 år før Noreg var trælfritt. I dag kan vi aktualisere dette med å løfte fram den spesifikke samtidsekvivalenten med moderne slavehald som trafficking, prostitusjon, menneskesmugling og svart arbeidskraft. Samstundes kan "Fridom" som tema opne opp for andre perspektiv i moderne kontekst. Kva menneske i Noreg i dag tenkjer og stiller seg til sin eigen grad av fridom, og korleis vi som samfunn ser på omgrepet.

Likeverd – 2021

Innføring av Kristenretten/Mostratinget markerte starten på ein lang prosess mot likeverd mellom alle menneske, både når det gjaldt kjønn og klasse. Kvinner fekk rett til å gifte seg fritt, men i byrjinga gjaldt dette berre fattige kvinner. Rike kvinner vart framleis brukt som eit verktøy for alliansebygging gjennom arrangerte ekteskap. Likevel var dette ein viktig start på ein langvarig prosess mot likeverd. Kjønnkampen er framleis aktuell i vår samtid på visse område, og tvangsekteskap framleis vanleg i deler av verda. Ein kan eksempelvis nytte høvet til å sjå på "metoo"-kampanjen i perspektiv. Likeverd som verdi kan vi i dag også relatera til mangfaldsdebatten, og det inkluderande samfunnet.

Rettsvern – 2022

Ei anna viktig lovending som kom med Kristenretten var at vanskapte barn ikkje lenger kunne setjast ut for å dø. Barnet som individ vart dermed tryggja ved lovgjevnad. Menneskeverdet sto i sentrum i tråd med det religiøse fundamentet som Kristendommen førte med seg. Den moderne parallellen vi kan sjå på er barnet sine rettar gjennom FN sine menneskerettar og barnekonvensjon. Vi kan i dag sjå på barnet sin rett til å bestemme over seg sjølv. Både i lovsamanheng og i det daglege. Vi kan undersøke ulike instansar som vernar barn sine rettar både internasjonalt og i Noreg i dag. Ein daglegdags problemstilling er til dømes barn sitt samtykke til bruk av bilete på sosiale media.

Lovar og reglar – 2023

Med lovendingane etter Kristenretten kom gode reglar for konfliktløsning. Maktfordeling vart innført, slik at den med makt ikkje lenger er rådande, men begge sider skal høyrast. Idéen om den sterkaste sin rett gjeld ikkje lenger. Tinga som institusjon bestod i Noreg, til forskjell for alle andre europeiske land kor kongsmakta tok over. Dette er unikt og må løftast fram. Dette styresettet medfører at fattige kunne saksøka de rike, noko som vanleg frå midten av 1200-talet. Dette blei starten på rettsstaten Noreg. Barns forhold til lovar og reglar er eit god utgangspunkt for å ta tak i ei rekke problemstillingar på ulike nivå.

Individ og kollektiv / makt – 2024

Mostratinget og Kristenretten er omtala ein rekke stader i dei nedskrivne Gulatings-lovane. Med tinga kom massiv representasjon uavhengig av sosial rang. Møteplikta var ei plikt dei utvalde representantane måtte overhalde. Det radikale med plikthenesta var at det var kompensasjonsordningar for tapt arbeidsinntekt, reise, kost og losji. Dette gjorde representasjon mogleg for alle lag. Dette var eit stort steg mot demokratisk styresett, noko som var svært banebrytande i samtida. Det kollektive aspektet kan være interessant å tematisere, særleg med utgangspunkt i krisesituasjonar det moderne samfunnet har stått i, eksempelvis 22. juli-terroren og Koronavirus-pandemien.

PLANAR

Moster 2024 AS har som målsetting å gjennomføre ei storstilt markering av 1000-årsjubileet. Ei overordna målsetting er å lyfte Moster som historisk stad i Noreg, og etablere fleire prosjekt og konsept som blir ståande att etter 2024.

Jubileumsaktivitetane skal rette seg mot fleire sjikt i samfunnet, og hovudmålgruppa barn og unge skal vere med i utforminga av innhald og form. Det er planlagt at Moster 2024 AS skal skape årlege arrangement som ligg som faste aktivitetar i eit årshjul gjennom heile prosjektperioden. Denne aktiviteten vil starte opp allereie frå hausten 2020, og vil innehalde arrangement mynta på dei ulike målgruppene ut i frå den årlege hovudtematikken. Nedanfor er skissert døme på prosjekt som er aktuelle.

Prosjekt retta mot hovudmålgruppa barn og unge

- Få Kristenretten som tematikk inn i læreplanen i grunnskulen.
- Ein nasjonal haustfestival for ungdom arrangert i samarbeid med representantar frå lokalt og regionale Ungdomsråd og Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske senter.
- Scenekunstproduksjonar i samarbeid med regionteatra i Vestland.
- Nasjonalt DKS-prosjekt i samarbeid med Tusenårsstaden Gulatinget.
- Eigne lokale prosjekt i samarbeid med ungdomsrådet.
- Digitalt museum utvikla i samarbeid med Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske senter.
- Internasjonalt utvekslingsprogram der Bømlo kommune allereie er inne i eit samarbeid med Shetland gjennom eit Folkehelseprogram for barn og unge.

Prosjekt retta mot det historisk-faglege miljøet

- Fagkonferanse i samarbeid med Magnus Lagabøtes Landslov 750-årsjubileum og Universitetet i Bergen.
- Utstillingar av dei tidlege skriftutgåvene av lovverka som eksisterer.
- Forskingsprosjekt i samarbeid med Universitetet i Bergen og Nasjonalbiblioteket.
- Litteraturprosjekt i samarbeid med Universitetet i Bergen.
- Samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om å få inn som tematikken for mastergradstudiar.
- Samarbeid med Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske senter AS om "Moster 2024-seminaret", som vart etablert som eit årleg prosjekt i 2016 for å lyfte medvitte kring jubileet som kjem.

Prosjekt retta mot allmennheita

- Debattserie i samarbeid med Litteraturhusa som tek opp problemstillingar i samtida knytt til tematikken.
- Scenekunstproduksjonar i samarbeid med aktørar i Bergen og nasjonale aktørar som Carte Blanche, Bergen Nasjonale Opera, Bergen Internasjonale Teater.
- Samarbeid med Bømlo Teater om prosjekt knytt til Mostraspelet og musikalproduksjonar.
- Musikkproduksjonar i ulike sjangrar knytt til tematikken.
- Kunstproduksjonar i ulike sjangrar knytt til tematikken.
- Kunstverk/monument på Moster knytt til jubileet, i same format som krossen etter 900-jubileet i 1924.
- NRK-produksjon frå jubileets hovudmarkering.

Prosjekt retta mot økumeniske miljø

- Samarbeid med Den Norske Kyrkje og Bjørgvin Bispedømme er allereie etablert, og tematikken teken inn i gudstenester frå 2020.
- Samarbeid med Den Katolske Kyrkje om kyrkjehistoriske prosjekt.
- Samarbeid med The Church of England om besøk i 2024 og prosjekt forut for dette.
- Musikkproduksjonar knytt til tematikken.

SAMARBEID

Lokalt og regionalt nivå

Lokalt ser ein for seg å samarbeide bredt med ei rekke ulike aktørar. Naturlege samarbeidspartnarar er Moster Amfi og Kyrkjehistoriske senter som arena for hovudmarkeringa. Av andre store profesjonelle lokale aktørar er Bømlo Teater, som produsent for Mostraspelet og musikalførestillingar. Det er planlagt ei samkøyring av programmering ut i frå jubileets tematikk inn i deira eigenproduksjon. Målsettinga er å skape eigne prosjekt i samarbeid med Bømlo-skulen og Kulturskulen. Moster Grendautval vil vere ein viktig aktør lokalt på Moster, for å få ei god tilrettelegging for hovudmarkeringa. Miljøa innanfor Friviljugheita blir viktige aktørar. Her kan ein ha gode inngangar til å møte hovudmålgruppa på heimebane gjennom idrett, korps, kor m.m.


Det er aktuelt å samarbeide med fleire andre historiske stader i Vestland fylke som Bergen, Gulating og Selja, noko som kan bidra til å gjere Moster 2024-jubileet endå meir synleg. Eit slikt samarbeid er i 2020 sett i gong ved Universitet i Bergen, og konkrete prosjekt er allereie diskutert. Det er mellom anna tatt initiativ til manusutvikling for prosjekt i Den kulturelle skulesekken og eit debattseriekonsept som kan turnera til alle stadene. Samarbeid med kunst- og kulturaktørar i Bergen og Vestland er ei viktig målsetting.

Nasjonalt nivå

Samarbeid med nasjonale aktørar er aktuelt innanfor ulike sjikt. Dette gjelde universiteta på det faglege feltet, og litteraturhusa i forhold til samfunnsdebatten. Nasjonale kunst- og kulturaktørar, Den Norske Kyrkje er aktuelle i samarbeid om produksjonar som går på tematikken. For å få Kristenretten som tema inn i læreplanverket må ein arbeide mot Utdanningsdirektoratet. Tematiske prosjekt som kan gå inn i Den Kulturelle Skulesekken og skal nå ut nasjonalt. Domstolane, Norges institusjon for menneskerettar, Likestillings- og diskrimineringsombodet er eksempel på aktørar som er relevante å involvere inn i ulike prosjekt. *Moster 2024* deltek i klyngesamarbeidet "Nasjonaljubileet 2030 - Norge i 1000 år".

Internasjonalt

Olav Den Heilage var mykje på reise og hadde difor sterk påverknad frå andre land og kulturar. Det kan vere aktuelt å sjå på dei stadene han hadde sterkast forbinding til. England er aktuelt som stad sidan han kom herifrå til Moster med engelske bisp Grimkjell. The Church of England er her ein naturleg aktør. Frankrike er eit anna sentralt land for kongen då han her døypte seg, i Rouen. Vestland fylkeskommune har vennskskapsforbinding til Normandie, og kan legge til rette for dialog. Samarbeid med bistandsorganisasjonar som Plan Norge, Redd Barna, Amnesty, kan være andre aktørar som kan løfte konkrete samarbeidsprosjekt ut av landet. Internasjonale prosjekt innanfor scenekunst, kunst og musikk er ei målsetting.

BUDSJETT FOR HEILE PROSJEKTPERIODEN 2020-2024**OPPSUMMERING:**

1000-årsjubileet Moster 2024 (Moster 2024 AS) søker med dette Kulturdepartementet om eit tilskot på NOK 9 mill. over den 4-årige prosjektperioden 2021-2024.

Når Moster 2024 AS er formelt etablert stiller vi gjerne til eit møte med Kulturdepartementet med styrerepresentantar, eigarrepresentantar og dagleg leiar for å presentere prosjektet nærmare.

Selskapsdokumenta vil bli ettersendte.

Kontaktperson:

Elsa Aanensen,

dagleg leiar i Moster 2024 AS

mobil: 90 90 23 26

post@moster2024.no